



CD

«Missa da Tromba»

Med Jan Fredrik
Christiansen og
Terje Winge

Verk av Kjell Mørk Karlsen,
Jon Laukvik, Ketil Vea og
Egil Hovland

2L, 2009

Monumental tradisjon

Mangeårig solotrompetist i Oslo-Filharmonien, Jan Fredrik Christiansen, leverer gyllen, solid og heilstøpt klang på «Missa da Tromba». Makker Terje Winge følgjer opp med fargerike registreringar, og saman dokumenterer dei norsk konsertmusikk for orgel og trompet.

Trass den omfattande tilknytning til kyrkjeleg høgtid, har norsk konsertant musikk for besetninga vore sjeldan før nettopp dei seinaste år. Hverande verk er skrivne etter 1970, og lyttaren får innblikk i korleis og kvar denne utviklinga har funne stad.

Og mykje kling flott på «Missa da Tromba». Alt frå opninga – Kjell Mørk Karlsen sin «Choralsonate nr 3» – vert lyttaren møtt med det monumentale. Her er Hindemithske fanfarar, ein lett festlighet kombinert med ein noko tyngre melodikk som definitivt høyrer det 20. århundret til. Her er såre og lyriske stemningar som i Jon Laukvik sitt påfølgjande «Lamento», ein klagesong som imidlertid virkar meir ettertenksam enn mørk.

Vidare finst ei sterk forankring til tradisjonen i tonespråk og inspirasjonskjelder, samt i bruken av folketoner og koralar. Tonen «Med Jesus vil eg fara» står som eit solid fundament i Egil Hovland sitt «Cantus»; den lutherske koralen står støtt hjå Karlsen. Gjenklangen av storleikar som Bach, Messiaen og nemnte Hindemith er tydelege; vegen mot fortid er kort.

Slik tek ein seg i å henta fram adjektiv typiske instrumenta: Det kling skinande, malmfullt, majestetisk i trompeten; brusande i orglet. Skal noko kritiserast ved plata, må det vera at heilskapen er nettopp for «lik seg», at ein etterkvart kjem til å sakna variasjonen – små innspel av det som er nytt og usagt.

Det siste er kanskje like mykje ei oppfordring til neste generasjon, om å ta i bruk ein vakker besetning, der mykje endå er uprøvd.

nyeinntrykk@
dagsavisen.no

IDA
HABBESTAD

